



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Dispensasjon - Alver 340/8 - Espetveit - deponi av massar

Vi visert til brev frå kommunen datert 29.09.2023. Saka gjeld søknad om deponering av massar. Statsforvaltaren uttalte seg til saka i brev datert 31.05.23. Det har kome tilleggsppllysningar frå tiltakshavar og kommunen ber om ny uttale i saka.

Tiltakshavar sine nye opplysningar er knytt til meir utfyllande opplysningar og vurderingar om landskap, avrenning og klima. Tiltakshavar meiner også at deponeringa bør vurderast som gjenbruk, og at tiltaket vil vere i samsvar med avfallspyramiden og at samfunnsnytta vil vere god.

Kommunen må få avklart kor i avfallspyramiden dette prosjektet vil vere. Vi forstår det i utgangspunktet framleis som eit deponi, der ein skal opparbeide dyrka mark oppå deponiet. Vi minner om at massar kan vere ein ressurs andre stader. Om massane ikkje kan gjenbrukas direkte, vil materialgjenvinning vere neste steg som skal vurderast, før utfylling og deponi.

Statsforvaltaren etterlyser framleis kommunen sin vurdering av dispensasjon frå LNF-formålet og reguleringsplan. Vi saknar også landbruksfagleg utgreiing frå landbrukskontoret i Alver kommune. Vi forstår det slik at det ikkje er utarbeidd ein massehandteringsplan for vegprosjektet Fosse – Moldekleiv. Vi viser til nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Her er det eit auka fokus på heilskapleg masseforvaltning. Her står det mellom anna: *«Heilskapleg masseforvaltning blir avklart i regionale og kommunale planar. Planar for større byggje- og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis nødvendig areal til handteringa skal sikrast. Moglegheita for ombruk og materialgjenvinning blir vurdert, og ein bør prøve å oppnå massebalanse.»* Dette er ikkje gjort tilstrekkeleg i reguleringsplan for Fosse – Moldekleiv, men det er satt krav om massehandteringsplan for å sikre nettopp heilskapleg masseforvaltning. Vi meiner framleis at areal for deponering av massar må vurderast der, før ein tar stilling til denne søknaden. Det er framleis ikkje gjort greie for om det er nok eigna massar til å opparbeide dyrka mark av god kvalitet, og det er ikkje gjort greie for kva alternative vurderingar som er gjort.

Vi viser elles til vår førre uttale til saka. Det er framleis mange spørsmål vi ikkje har fått svar på, men vi har ikkje endra vår hovudvurdering, sjølv om vi har fått nokre nye opplysningar. Om kommunen



vurderer å gje løyve/dispensasjon utan at det vert utarbeidd ein reguleringsplan, er det viktig at det vert stilt naudsynte vilkår.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN